
Fra: Svanaug Lervik <svanaug.lervik@midsund.kommune.no>
Sendt: 11. mai 2015 15:05
Til: KR-Postmottak
Emne: Høyrings svar Vegval for framtidig kyrkjeordning

Dette er Midsund Sokneråd (eitsoknskommune) sitt høyrings svar – Vegval for framtidig kyrkjeordning:

Spørsmål 1: 5 mot 1 røyst:

Soknerådet støttar Kyrkjerådet sitt fleirtal, referert i punkt A i kap. 3. Tilsetting og personalansvar for prestane bør framleis ligge på bispedømenivå.

* Balansen mellom administrativ leiing (bispedømerådet) og fagleg og åndeleg leiing (biskopen) fungerer bra med dagens ordning. Med fellesrådet som arbeidsgjevar vert den åndeleg og faglege leiinga svekka.

* Biskopen har læretilsyn med prestane. Dette tilsynet vert sterkt svekka dersom tilsettings- og personalansvaret vert flytta til fellesrådsnivået i staden for bispedømenivået der det ligg no. Sjølv med større fellesrådsområde enn no vil det verte vanskeleg å drive ein heilskapleg tilsettingspolitikk i bispedømet dersom det er fellesrådet som tilset.

* Valordninga til bispedømeråd og kyrkjemøte er komplisert, men bør likevel fortsette slik den er i dag.

Spørsmål 2: 5 mot 1 røyst:

Midsund Sokneråd/fellesråd deler Kyrkjerådet si vurdering om at finansieringa av Den norske kyrkja over dei kommunale og statlege budsjetta er den beste for å sikre ei brei folkekyrkje med ein kyrkjeleg nærleik og nærvær i alle lokalsamfunn. Det finansielle ansvaret som kommunane har i dag vil pulveriserast dersom det er bispedømenivået eller sentralnivået som skal ha arbeidsgjevar- og verksemdsansvaret. Dersom den statlege finansieringa gjennom kommunane fell bort, vil Den norske kyrkja ikkje lenger vere ei folkekyrkje.

Spørsmål 3: 4 mot 2 røyster:

Midsund Sokneråd går i så fall inn for livssynsavgift. Ei medlemsavgift vil truleg føre til mange utmeldingar og svekka økonomisk grunnlag for kyrkja.

Spørsmål 4:

Kommunale samanslåingar er på gang, desse bør ein vente på før ein gjer endringar i strukturen til Den norske kyrkja. Fellesråds grensene bør følgje kommunegrensene. Når kommunar slår seg saman, bør fellesråda følgje etter å gjere det same.

Spørsmål 5:

Det er fleire sokneråd som er for små i dag, men det bør likevel ikkje setjast eit tal på kor mange personar som skal til for at ein kan få lov til å vere eit sokn, då geografi og topografi har mykje å seie for talet. Der det ligg til rette for at sokn kan slå seg saman bør dette vurderast.

Spørsmål 6:

Ordninga med sokneråd og fellesråd bør vidareførast.

Spørsmål 7:

Fellesrådet bør følgje kommunegrensene. Dersom dagens regjering får det som den vil, vil kommunestorleiken bli vesentleg større enn i dag, og dermed også fellesråda.

Spørsmål 8:

Ikkje naudsynt å endre oppgåvefordelinga mellom sokneråda og fellesråda.

Spørsmål 9:

Styrings- og leiingsansvaret som i dag ligg til soknet bør framleis ligge til soknet. Sjå svaret i spørsmål 8.

Spørsmål 10: Dersom presten skal vere dagleg leiar for verksemda i soknet må han vere underlagt soknerådet. Leiing må vere organisatorisk forankra.

Spørsmål 11:

Soknerådet støttar Kyrkjerådet sitt fleirtal. Biskopen bør leie prestenesta og utøve arbeidsgjevarfunksjonar for prestane. Biskopen bør ha sin rolle med tilsyn av alle dei vigsla stillingane i kyrkja.

Spørsmål 12:

Kyrkjemøtet bør gje lover og reglar som gjev biskopen høve til å gripe inn for å utøve tilsynet på ein god og forsvarleg måte.

Spørsmål 13:

Midsund Sokneråd er samd med fleirtalet i Kyrkjerådet om at det bør innførast ei rein valordning for biskopar, slik det også vart vedteke i 2007.

Spørsmål 14 og 15:

Midsund Sokneråd meiner dei oppgåvene som kan bli ivareteke på bispedømenivå bør vere i eit bispedømeråd og ikkje berre avgjerast administrativt i bispedømet. Bispedømerådet bør vere rådgjevande organ for biskopen, ha det strategiske arbeidet i bispedømet, gje innspel til den faglege utviklinga innan diakoni, gudstenesteliv og undervisning. Dei bør vere klageinstansen for saker som ikkje vert avklart på soknenivå. Bispedømerådet bør drøfte og kome med forslag i alle saker som skal til Kyrkjemøtet, og følgje opp sakene frå Kyrkjemøtet. Bispedømerådet kan gje mynde til det administrative organet på bispedømenivå i saker om ikkje har prinsipiell betyding.

Dersom ein ikkje vidarefører dagens ordning i moderert form, bør bispedømerådet vere arbeidsgjevar for alle kyrkjeleg tilsette. Dagleg leiing bør då delegerast til eit organ på fellesrådsnivået slik at avstanden mellom arbeidstakar og leiar ikkje vert for stor. Tilsetting av alle unnateke prestane kan delegerast til fellerådsnivået.

Spørsmål 16:

Det er vanskeleg å tenke seg Kyrkjemøtet ved Kyrkjerådet som einaste arbeidsgjevar for heile Den norske kyrkja. Dette ville bli særstøpt og byråkratisk dersom tilsetting av ein klokkar eller kyrkjetenar skulle gjennom mange nivå før dei kunne tilsettast. Midsund Sokneråd ser for seg at det vil bli vanskeleg for ein klokkar eller kyrkjetenar å nå fram i saker som gjeld dei. Det vil også bli ei verksemdoverdraging for rundt 6000 tilsette. Dersom ein vel å la prestane kome inn under fellesråda sitt arbeidsgjevaransvar er det berre i underkant av 1500 prestar som det må gjerast nye avtalar med.

Spørsmål 17:

Midsund Sokneråd reknar med, som tidlegare nemnt, at alle fellesråd skal følgje kommunegrensene og vert ein god del større når kommunesamanslåingane har funne stad. Ein tenker seg ein storleik som dagens prostinivå. Fellesrådet vil då ha mange fleire sokn i sitt

område og bør vere arbeidsgjevar for alle som arbeider på sokne- og fellesrådsnivå, unnateke prestane.

Kyrkjemøtet ved Kyrkjerådet bør kunne vere arbeidsgjevar for alle på bispedøme og sentralt nivå, også dei vi i dag kallar prostar.

Tilsetning av biskopane bør skje gjennom ei valordning slik Kyrkjemøtet vedtok i 2007. Den administrative arbeidsgjevarfunksjonen vert utført av Kyrkjerådet.

Spørsmål 18:

Det bør ikkje vere ope for lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret. Dette vil kunne føre til ytterlegare splittingar i kyrkja.

Spørsmål 19:

Særpreget til prestenesta og dei andre vigsla stillingane bør takast i vare gjennom tenesteordningane og tilsynsordninga til biskopen. Midsund Sokneråd ser på denne ordninga som særskilt viktig.

Spørsmål 20:

Kyrkjemøtet si rolle bør vere øvste representative organ slik det er i dag. Sidan Midsund Sokneråd meiner at Kyrkjemøtet skal vere arbeidsgjevar for biskopane er det naturleg at bispedømeråda, biskopane og Bispemøtet vert underlagt Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtet bør i større grad bli oppteken av heile Den norske kyrkja, og ikkje slik som no vere mest oppteken av prestenesta og biskopane og kven som skal ha arbeidsgjevaransvar for desse.

Spørsmål 21:

Midsund Sokneråd synes samansettinga av representantar til Kyrkjemøtet slik det er i dag, er greitt.

Spørsmål 22:

Sidan både prestane, prostane og biskopane ikkje lenger skal vere statlege, er dei heller ikkje lenger å rekne som embetsmenn. Dette gjer at rolla som biskop vert litt endra. Bispemøtet bør vere eit sentralt organ med ansvar for å samordne dei oppgåvene som er lagt til dei einskilde biskopane, og samordning av kyrkjelege spørsmål. Bispemøtet skal ha uttale- og forslagsrett i lære- og liturgisaker som skal opp i Kyrkjemøtet. Uttale og forslag frå Bispemøtet skal følgje sakene til Kyrkjemøtet.

Kyrkjerådet skal som no, ha ansvar for å førebu og følgje opp saker som er opp til behandling i Kyrkjemøtet.

Spørsmål 23:

Kyrkjemøtet ved Kyrkjerådet vert arbeidsgjevar for biskopane. Preses kan vere biskopane sin næraste overordna. Tenesteordning for biskopar kan innehalde reglar for å sikre biskopane si sjølvstendige rolle.

Spørsmål 24:

Midsund Sokneråd meiner at tal medlemmar i Kyrkjerådet og på den måten det er samansett i dag er slik det bør fortsette å vere.

Det administrative organet Kyrkjerådet bør anten få eit nytt namn t.d. Hovudkontoret for Den norske kyrkja eller ein kan gje det demokratisk valde Kyrkjerådet namnet Kyrkjerådsstyret. Det fører til for mykje misforståingar med same namn både for det administrative og det demokratisk valde organet.

Spørsmål 25:

Det er viktig å halde på dagens ordning med ei lærenemnd med den fordelinga av biskopar, teologisk sakkunnige og leke medlemmar nemnda har i dag. Det vil gje ein breiare kompetanse og lærenemnda vil vere betre skikka til å handsame saker der ein biskop er involvert enn om Bispemøtet skulle ta over lærenemnda sitt ansvar og funksjon.

Nemnda bør vidareførast som eit sentralkyrkjeleg organ med dei funksjonane dei har i dag, men dei bør på fritt grunnlag samlast og gje uttale i saker av læremessig karakter. I dag møtast dei berre etter oppmoding.

Spørsmål 26:

Vidareførast som i dag.

Spørsmål 27:

Midsund Sokneråd er samde i Kyrkjerådet sitt forslag om at Det kyrkjelege ungdomsdemokrati bør bli regelfesta som ein del av kyrkjeordninga vedteken av Kyrkjemøtet. Ungdomens kyrkjemøte sine funksjonar vert vidareført som i dag.

Der det ikkje står røystetal var soknerådet samrøystes.

Med venleg helsing

Svanaug Lervik
Kyrkjeverja i Midsund
71270510/97780114